

Fra: Mette Robertsen
Sendt: mandag 5. september 2022 13:59
Til: Martin Gjerde Skrede
Kopi: blh@harris.no; Are Frøysland Grande
Emne: Midlertidig rubbhall - gbnr 324/4 Langeland

Hei,

Viser til førespurnad knytt til oppføring av «rubbhall» på gbnr 324/4 Langeland.

Bygnader, konstruksjonar, og annlegg er mellombese når dei plasserast for ein kortare periode enn to år. Det er også ein føresetnad at dei ikkje medfører arealinngrep som gir varige synlege spor etter tiltaket.


Dersom tiltaket skal plasserast for ein lengre periode enn to månader, er det søknadspliktig jf. PBL § 20-1 bokstav j.

Det er ikkje krav om ansvarleg føretak, og tiltakshavar *kan* søkja sjølv. Dersom tiltaket skal plasserast for meir enn to år, må det nyttast ansvarleg føretak, samt søkjast dispensasjon frå PBL § 30-5.

Det er å anta at tiltakshavar kan hende treng lagringsplass over ein lengre periode, og administrasjonen oppmodar til at det vert søkt om oppføring av rubbhall i eiga sak.

Me gjer merksam på at plassering av tiltaket kan ha betydning for vurdering av søknaden, fordi arealet på eigdommen omfattast delvis av reguleringsplanen, dels av kommuneplanen. Ved vurdering av tiltakets plassering må mellom anna pågåande arbeid som gjeld utbetring av fv. 244 takas omsyn til.

Føresegnområde:



#6 Freda kulturminne/ Reg. plan føresegn 2.8.2

#1- #5 Midlertidig bygge,- og anleggsområde/ Reg.plan føresegn 5.1

Område #3 Skal nyttast til ranking av jord/ Reg.plan føresegn 5.1 bokstav e.

Håpar det er svar på det De lurar på.
Ta kontakt om det fortsatt er noko uklårt.

Vennleg helsing

Mette Robertsen | Rådgevar Plan og byggesak

Telefon:

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

www.alver.kommune.no



Fra: Martin Gjerde Skrede <msh@harris.no>

Sendt: torsdag 1. september 2022 16:05

Til: Mette Robertsen <mette.robertsen@alver.kommune.no>

Kopi: Børje L. Hoff <blh@harris.no>

Emne: Sak 22/2989 – 22/31575

Hei.

Eg viser til sak 22/2989 – 22/31575, og til tidlegare telefonkorrespondanse om utsett frist til å sende inn opplysningane de treng for å handsame tiltakshavar, Tore Mjåtvedt, sin byggesøknad. Eg har vore i kontakt med ansvarleg søkjar, og har blitt opplyst om at opplysningane de treng, og som vert påpeika i brevet av 25.04.2022, vert sendt i løpet av morgondagen.

Som nemnd tidlegare, vert det omsøkte driftsbygget bygd som ei erstatning for driftsbygget tiltakshavar har på eigedommen sin i dag, men som må rivast som følgje av realiseringa av reguleringsplan 1256_20170003 (Detaljregulering fv. 564 Frekhaugkrysset, inkl. utbetring av fv. 244). Tiltakshavar har no blitt fortalt at fylkeskommunen ønskjer å rive tiltakshavar sitt noverande driftsbygg i oktober/november. Sidan søknaden ikkje vil vere ferdighandsama, og bygget ikkje vil vere ferdig bygd til dette tidspunktet, har tiltakshavar behov for å etablere ein mindre midlertidig rubbhall på 150 kvadratmeter for å oppbevare eigedelane i driftsbygget som skal rivast fram til det nye driftsbygget står ferdig. Tiltakshavar framhevar den midlertidige karakteren av denne rubbhallen, då arbeidet som skal gjerast i samband med det omsøkte driftsbygget kan ta til så snart byggesøknaden er ferdig handsama. Slik vi ser det, vil eit slikt midlertidig tiltak vere unnateke søknadsplikt, og eg lurar difor på om du har høve til ein telefonsamtale førstkomande måndag eller tysdag for ein nærare prat om dette.

Eg høyrer frå deg.

The logo for Harris, written in a stylized, cursive script.

Med vennlig hilsen

Martin Gjerde Skrede
Advokatfullmektig

478 50 067 | msk@harris.no

Harris Advokatfirma AS
Dreggsallmenningen 10/12
PB 4115 Sandviken, 5835 Bergen
55 30 27 00 | harris.no

Følg oss på [Facebook](#) og [LinkedIn](#).

Hvis e-posten mottas ved en feil, ber vi om
at den slettes og avsender underrettes.
